

AVGJERD I EØS-KOMITEEN
nr. 348/2021

av 10. desember 2021

om endring av vedlegg II (Tekniske forskrifter, standardar, prøving og sertifisering) og vedlegg IV (Energi) til EØS-avtala

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla EØS-avtala, særleg artikkel 98,

og ut frå desse synsmåtane:

- 1) Delegert kommisjonsforordning (EU) 2021/340 av 17. desember 2020 om endring av delegert forordning (EU) 2019/2013, (EU) 2019/2014, (EU) 2019/2015, (EU) 2019/2016, (EU) 2019/2017 og (EU) 2019/2018 med omsyn til krav til energimerking av elektroniske skjermar, hushaldsvaskemaskiner og kombinerte hushaldsvaskemaskiner/-tørketromlar, lyskjelder, kjøleapparat, hushaldsoppvaskmaskiner og kjøleapparat til bruk ved direktesal⁽¹⁾ skal takast inn i EØS-avtala.
- 2) Vedlegg II og IV til EØS-avtala bør difor endrast –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I EØS-avtala vedlegg II kapittel IV nr. 4v (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2013), 4w (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2014), 4x (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2015), 4y (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2016), 4z (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2017) og 4za (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2018) vert følgjande lagt til:

”, endret ved:

- **32021 R 0340**: Delegert kommisjonsforordning (EU) 2021/340 av 17. desember 2020 (EUT L 68 av 26.2.2021, s. 62).”

Artikkel 2

I EØS-avtala vedlegg IV nr. 11v (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2013), 11w (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2014), 11x (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2015), 11y (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2016), 11z (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2017) og 11za (delegert kommisjonsforordning (EU) 2019/2018) vert følgjande lagt til:

⁽¹⁾ TEU L 68 av 26.2.2021, s. 62.

”, endret ved:

- **32021 R 0340**: Delegeret kommisjonsforordning (EU) 2021/340 av 17. desember 2020 (EUT L 68 av 26.2.2021, s. 62).⁽¹⁾

(1) Oppført bare for informasjonsformål – for anvendelsen, se vedlegg II om tekniske forskrifter, standarder, prøving og sertifisering.”

Artikkel 3

Teksta til delebert forordning (EU) 2021/340 på islandsk og norsk, som vil verte kunngjord i EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*, skal verte gyldig.

Artikkel 4

Denne avgjerda tek til å gjelde 11. desember 2021, på det vilkåret at alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i EØS-avtala er sende inn(*)).

Artikkel 5

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utfjerda i Brussel 10. desember 2021.

For EØS-komiteen

Rolf Einar Fife

Formann

(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.